

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 223, HistSak - 13/106	15/21

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
	Kommunestyret	PS	
025/2015	Formannskapet	PS	17.03.2015

Rehabilitering av nærbutikk Coop Øvre Helland - søknad om tilskot frå næringsfondet

Forslag til vedtak:

Alternativ 1:

Modalen kommune løyver inntil kr 800.000 (35 % av søknadsgrunnlaget) i tilskot frå næringsfondet til delfinansiering av omsøkte investeringar for rehabilitering av Coop Modalen sin butikkfilial på Øvre Helland.

Alternativ 2:

Modalen kommune løyver inntil kr 750.000 (33 % av søknadsgrunnlaget) i tilskot frå næringsfondet til delfinansiering av omsøkte investeringar for rehabilitering av Coop Modalen sin butikkfilial på Øvre Helland.

Modalen kommune løyver inntil kr 160.000 (7 % av søknadsgrunnlaget) i lån frå næringsfondet til delfinansiering av omsøkte investeringar for rehabilitering av Coop Modalen sin butikkfilial på Øvre Helland.

Vilkår for utbetaling av tilskot:

Tilskotet kan utbetalast på grunnlag av medgåtte kostnader i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsegnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

EØS-regelverket – opplysningsplikt.

Tildeling av tilskotet vert gjort i samsvar med reglane for bagatellmessig stønad. Ved eventuelle nye

søknader om offentlig stønad (uansett stønadskjelde) har stønadsmottakar plikt til å opplyse om dette tilskotet. Opplysningsplikta gjeld i 3 år frå tilsegnstidspunktet.

Før utbetaling av tilskot må mottakaren skriftleg stadfeste eventuell anna bagatellstøtte som foretaket har motteke i det aktuelle skatteåret og i dei to føregåande skatteåra slik at ein sikrar at tilskotet er innanfor gjeldande maksimalgrense for bagatellstøtte, 200.000 euro over ein periode på 3 år. Det er tildelingsåret og ikkje utbetalingsåret som er avgjerande.

Vilkår for utbetaling av lån:

Innvilga lån vert utbetalt etter framlagt dokumentasjon av fullfinansiering.

Denne tilsegna må nyttast innan 1 år frå tilsegnsdato, ellers fell den bort. Det er høve til å søkja forlenging av fristen.

Lånevilkår:

Lånet kan utbetalast når 30% av busjettete kostnader er påløpt. Lånet skal attendebetalast med like store avdrag over 5 år.

Lånerenta vert berekna etterskotsvis basert på den til kvar tid gjeldande rente for lån i Næringsfondet, p.t. 1.14 % p.a.

Utbetaling av lån over kr 50.000.- skal sikrast med tinglyst pantekrav med prioritet etter andre lån til selskapet.

Andre vilkår:

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flyttar frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m.v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakaren pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Coop Modalen SA søker i brev datert 09.01.15 om å få dekka 50% av kostnaden til rehabilitering av sin filial på Øvre Helland. I ettertid har Modalen kommune motteke tilleggsopplysningar som inngår som vedlegg til søknaden.

Coop Modalen planla i 2012-13 å oppføre ein ny butikk på Øvre Helland. Arbeidet med forprosjekt for ny butikk vart avslutta ved årsskiftet 2012/13. Totalt vart det i 2011 og 2012 utbetalt kr 99.430 i refusjon som tilskot frå Næringsfondet til eksterne kostnader til forprosjektet.

Søknad om finansiering til dette prosjektet vart endelig handsama av kommunestyret i møte den 26.09.2013 med slik samrøystes vedtak i KS-019/13 :

«Modalen kommune finn ikkje grunnlag for, direkte eller indirekte, å ta på seg ansvar og kostnader med å byggje eit næringsbygg for ny butikk til Coop Modalen BA på Øvre Helland slik det er søkt om.

Etter nærmare søknad er Modalen kommune positiv til å delta i ei delfinansiering av eit rimelegare bygg eller ei oppgradering av eksisterande filialbutikk når prosjektkostnad er klarlagt.»

Vurdering

Rådmannen har i si vurdering av denne saka, også sett dette i samanheng med tidlegare søknad og kommunestyret sitt vedtak i den saka.

I forbindelse med forprosjektet for ny butikk laga Coop Norge Handel i januar 2012 ei vurdering av flytting av butikken Øvre Helland. Coop sin analyse tilrådde å leggje ned butikken på Øvre Helland og heller bruke ressursane på å styrkje butikken i Modalen sentrum.

Merkur-konsulent Per Spillum rådde i eit notat datert 11.03.2013, til å vurdere ei oppgradering av noverande bygning og lokale for filial på Øvre Helland for å kunne halde fram filialdrifta der.

Coop Modalen fekk i 2013 midlar frå kommunen til å utarbeide ein tilstandsrapport for filialbygningen. Tilstandsrapporten som då vart utarbeida synte ein vesentleg lågare kostnad (kr 450.000) for utvendig istandsetting enn kva som no framkjem i den nye søknaden.

I 2013 rådde rådmannen til at kommunen ikkje skulle ta på seg ansvaret for å byggje eit næringsbygg til ny butikk på Øvre Helland, men rådde til at Coop Modalen arbeidde vidare med å oppgradere eksisterande filialbutikk slik Merkur-konsulenten føreslo. Rådmannen var positiv til at kommunen deltok i ei delfinansiering med stønad frå næringsfondet, men at prosjektkostnaden måtte nærmare klarleggjast.

No føreligg det eit nytt kostnadsoverslag der Coop Modalen har engasjert fagfolk til å vurdere kva som må gjerast med huset.

Kostnad for planlagt rehabilitering slik det framgår av søknaden er:

	Kroner
Utvendig arbeid (tak, kledning, vindu, inngangsparti)	1.450.000
Innvendig maling, nytt golvbelegg	275.000
Nytt utstyr (frysarar)	80.000
Elektrisk anlegg	95.000
Diverse/uføresett	180.000
Sum kostnad	2.080.000

Finansiering for planlagt rehabilitering er i søknaden:

	Kroner
Stønad frå Merkurprogrammet	800.000
Stønad frå Modalen kommune	1.300.000

Sum finansiering	2.100.000
------------------	-----------

I søknaden er det opplyst at Coop Modalen vil utføre dugnadsinnsats til vurdert verdi tilsvarende kr 200.000 (500 timar à kr 400) for utføring av arbeid som ikkje inngår i kostnad/finansiering ovanfor.

I søknaden er det opplyst at Coop Modalen i løpet av 2015-16 også vil få ein vesentleg kostnad (kr 250.000) til utskifting av diverse utstyr ved sin hovudbutikk på Mo. Det er og vil verte søkt særskilt om delfinansiering av slike investeringar frå Merkurprogrammet. Rådmannen har på førespurnad utferdiga positive uttalar som er vedlagt ulike søknader til Merkurprogrammet.

Bygging av ny butikk på Øvre Helland er eit privat tiltak i regi av Coop Modalen. Det vert her søkt om 100% finansiering med offentleg midlar frå Merkurprogrammet og Modalen kommune. Dersom ein legg inn verdi av stipulert dugnad og aukar investeringsbudsjettet til kr 2.280.000, så utgjør offentleg finansiering likevel 92%. Det har vore opplyst at ein vil søkje om midlar frå Merkursprogrammet over to år, kvart år med eit søknadsbeløp på kr 400.000 – totalt kr 800.000.

Rådmannen finn heller ikkje ved denne saka grunn til å gå særskilt inn på dei bedriftsøkonomiske tilhøva for prosjektet. I saksutgreiinga til sak i 2013 vart dette omtala i både Coop Norge Handel og Merkur-konsulenten sine notat som låg ved saka då. Dei økonomiske driftsføresetnadane har ikkje endra seg vesentleg frå den gong. Vareomsetninga har halde seg om lag stabilt siste åra og er totalt budsjettert litt lågare for 2015 enn kva den var i 2012 og 2013. Netto finansinntekter har årleg vore om lag kr 100.000, men er i 2015 budsjettert til kr 235.000. Det er årleg betalt ut kjøpsbonus til medlemmane: kr 200-230.000.

Av Coop Modalen sin årsrekneskap framgår det at dei har likvide midlar og eigenkapital til å delfinansiere prosjektet med.

Rådmannen avgrensar si vurdering vidare til å drøfte kva effekt prosjektet vil ha for: sysselsetting, servicetilbod /utvikling i kommunen, samt tilhøve vedkomande vedtekter for næringsfondet.

Servicetilbod og sysselsetting

Å halde fram med ein butikkfilial på Øvre Helland vil vere positivt for det samla servicetilbodet i kommunen. Dette er einaste servicetilbodet med vare- og servicehandel i denne bygda. For eldre som ikkje har eigen bil har det derfor betydning, men er truleg ikkje avgjerande for busettinga.

Ein oppgradert butikk vil ikkje medføre noko auke i sysselsettinga i høve dagens drift. Ved bruk av midlar frå næringsfondet til næringsføremå, så skal ulike prosjekt si betydning for lokal sysselsetting vektlagt. Dette i samsvar med næringsfondet sine vedtekter, tidlegare praksis for tildeling av stønad og kva som har vore framheva i politiske drøftingar i andre nærings saker.

Vurdering i høve fondsvedtekter

Søknaden legg opp til ei nær fullfinansiering av investeringa med offentleg midlar.

§§ 4 og 5 i fondsvedtektene set grenser for kor stor stønad som kan gjevast til ei privat verksemd. Bruken av kraftfondet skal vera i samsvar med dei internasjonale reglane Norge har slutta seg til på statsstøtte område (EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte). Maksimal stønad må liggje innanfor ei samla grense på 200 EUR til ei og same bedrift i ein treårs periode. (Dersom ei bedrift mottek lån så er det subsidieverdien av den reduserte renta på lånet i høve marknadsrenta som vert rekna som stønad). Bedrifter som mottar stønad pliktar å opplyse om kva samla bagatelmessig stønad bedrifta har motteke dei siste tre åra.

Ved ei eventuell samfinansiering med midlar frå andre stønadsordningar, kan samla offentleg stønad ikkje overstige stønadsdel som er fastsett i § 5. **Offentleg stønad** er definert som stønad frå offentleg kjelder enten dei er statlege (Mercurprogrammet), fylkeskommunale eller kommunale (næringsfondet). Kommunen sine vedtekter for næringsfond går inn under reglane for bagatellmessig støtte, der ei bedrift samla kan motta inntil 200.000 EUR i stønad over ein treårsperiode. EUR 200.000 utgjere ca NKR 1.7 millionar etter dagens kurs.

Av retningslinjene for bruk og forvaltning av næringsfondet i Modalen framgår (Kap.1 pkt. 1.2): **Stønad frå næringsfondet må ikkje føra til at andre distriktspolitiske verkemiddel/stønad ikkje vert nytta.**

Dette prosjektet er ikkje aktuelt for Innovasjon Norge, men vil kunne få stønad frå Mercurprogrammet som det her vert søkt om.

I vedtekter- retningslinjer for bruk og forvaltning av næringsfondet i Modalen kommune (Vedteke sist i Ksak 94/16 og godkjend 30.05,94) framgår:

2.2. A Stønad til private tiltak

- «Stønad frå fondet kan normalt gjevast med **inntil 50%** av samla investering/kostnad
 - *Fondsstyret kan i særlege høve innvilga ein høgare stønad. **Samla stønad skal likevel ikkje overstiga 75% av total investeringar/kostnad medrekna anna mogleg stønad – t.d. frå DU***
 - *For å få innvilga stønad blir det til vanleg kravd minimum 15% av investeringar/kostnad i eigenkapital. Som eigenkapital kan også eige arbeid og eige utstyr godkjennast»*

Konklusjon:

Det har i lang tid vore fokus på å få til ei rehabilitering av Coop Modalen sin filial på Øvre Helland. I tidlegare kommunestyrevedtak er det gjeve politisk vilje til å støtte prosjektet. Rådmannen legg til grunn at kommunestyret derfor vil gje maksimal stønad innanfor næringsfondets vedtekter.

Følgjande vert derfor lagt til grunn:

1. Stønad frå fondet kan normalt gjevast med inntil 50% av samla investering/kostnad.

For prosjektet er dette maksimalt kr 1.140.00.

2. Bagatellmessig støtte set ei øvre grense på 200 EUR , tilsvarande ca kr 1.700.000
3. Samla stønad skal ikkje overstiga 75% av total investeringar/kostnad medrekna anna mogleg stønad. **For dette prosjektet er det maksimalt kr 1.710.00.**

Samla offentleg stønad til prosjektet set derfor her ei avgrensing for kor stor stønad kommunen kan gje som tilskot.

Med ei finansiering av kr 800.000 i tilskot frå Mercurprogrammet vil kommunen sin stønad vere avgrensa til maksimalt kr 910.000 . Stønaden kan fordelast på tilskot og lån.

Rådmannen vil etter ei samla vudering av saka rå til at eit av følgjande finansieringsalternativ vert lagt til grunn for kommunal stønad til prosjektet, der samla finansieringsbehov vert endra og auka til

kr 2.280.000 inkludert eige arbeid (dugnad).

Alternativ 1:

	Andel %	Kroner
Mercurprogrammet tilskot over to år	35	800.000
Modalen næringsfond tilskot	35	800.000
Coop Modalen – eige arbeid (dugnad)	9	200.000
Coop Modalen - egenkapital	21	480.000
Sum	100	2.280.000

Ved dette alternativet held ein seg samla innan totalt offentleg stønad på 200 EUR ved kun yting av tilskot.

Alternativ 2:

	Andel %	Kroner
Mercurprogrammet tilskot over to år	35	800.000
Modalen næringsfond tilskot	33	750.000
Modalen næringsfond lån	7	160.000
Coop Modalen – eige arbeid (dugnad)	9	200.000
Copp Modalen - egenkapital	16	370.000
Sum	100	2.280.000

I dette alternativet har ein auka den samla stønaden frå næringsfondet til 40% fordelt på tilskot og lån. Samla offentleg stønad på 200 EUR vert heller ikkje her overskriden. Verdi av rentesubsidiering vert rekna som stønad.

For begge alternativa vil det vere ein svært høg offentleg stønad til prosjektet.

Ei fullfinansiering av investeringa med offentleg midlar vil vere i strid med EØS regelverk og dei kommunale vedtektene for næringsfondet. At det vert stilt krav til at Coop Modalen, som andre verksemdar, deltek med ei eigafinansiering vil vere ein styrke for gjennomføring og kostnadstyring ved gjennomføring av prosjektet.

Rådmannen legg fram to alternativ som tilråding i saka.

Formannskapet - 025/2015

FOR - behandling:

Etter drøfting av saka i møtet samla formannskapet seg om å tilrå at Modalen kommune skulle yte inntil kr 875.000 i tilskot, som utgjer 50% av eksterne kostnader slik Coop Modalen har søkt om i brev datert 16.01.2015.

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune løyver inntil kr 875.000 (50 % eksterne kostnader i søknadsgrunnlaget) i tilskot frå næringsfondet til delfinansiering av omsøkte investeringar for rehabilitering av Coop Modalen sin butikkfilial på Øvre Helland.

Vilkår for utbetaling av tilskot:

Tilskotet kan utbetalast på grunnlag av medgåtte kostnader i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsegnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

EØS-regelverket – opplysningsplikt.

Tildeling av tilskotet vert gjort i samsvar med reglane for bagatellmessig stønad. Ved eventuelle nye søknader om offentleg stønad (uansett stønadskjelde) har stønadsmottakar plikt til å opplyse om dette tilskotet. Opplysningsplikta gjeld i 3 år frå tilsegnstidspunktet.

Før utbetaling av tilskot må mottakaren skriftleg stadfeste eventuell anna bagatellstøtte som foretaket har motteke i det aktuelle skatteåret og i dei to føregåande skatteåra slik at ein sikrar at tilskotet er innanfor gjeldande maksimalgrense for bagatellstøtte, 200.000 euro over ein periode på 3 år. Det er tildelingsåret og ikkje utbetalingsåret som er avgjerande.

Andre vilkår:

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flyttar frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m.v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakaren pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Vedlegg:

Søknad om tilskot til istandsetjing av Filialen på Øvre Helland
coop øvre helland

